



Styret held fram uendra og her står Michael Røssland, Sigurd Børve, Anders Tarberg, Svein Ove Kjerpeset og Bjørn Olav Tveit

**-Styret i Aktivitetshuset gjer ein kjempejobb. Det er ein stor fordel med denne eigarformen.**

**Det var aksjonær Gunvor Myklebust som kom med denne rosande attesten då huset hadde generalforsamling i kveld. Ho var ein av dei som stifta Damevennene, ei gruppe som spelar ei viktig rolle for Aktivitetshuset. Til dømes vart det eit overskot av Aktivetsdagen på 70 000 i fjor som vart nytta til avansert video-utstyr.**

Aktivetsdagen for i år som nyleg er avvikla hadde ein omsetnad på over 90 000 men overskotet er førebels ikkje klart. Men leiar Michael Røssland opplysar til uskedalen.no at det mellom anna skal nyttast til lydanlegg.

Innkjøpet av videoutstyr vart demonstrert under den papirlause generalforsamling, mellom anna til framsyning av luftopptak av Hopp i havet. Anlegget kan nyttast til filmframsyning, fjernundervisning, direkte sendte TV-program, konferansar og kurs og trening med hjelp av video. -Berre fantasien set grenser, heiter det i årsmeldinga.

I 2012 vart hallen utbetra både innvendig og utvendig. Stikkord her var behandling av utvendig treverk, måling, vedlikehald av tak, utskifting av låsmekanisme og telefonlås, oppretting av dør/hengsle og gips i korridor.

Sigurd Børve ga eit oversyn over vidare behov for opprusting. Det er ingen kritiske manglar men ventilasjonsanlegget er ikkje så godt som ynskjeleg.

I planen for dette året heiter det mellom anna at hallen skal utviklast vidare som all-aktivitetshall slik at uskedalingane får fleire aktivitetar.

Andre punkt er å sikra ein sunn økonomisk situasjon og vedlikehalde bygning og utstyr.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen